



Forskrift om permisjon frå opplæring i Fyresdal kommune - revidert versjon 2

Heimel: Fastsett av Fyresdal kommunestyre [organ] [dato]... med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd.

§ 1. Målet med forskrifta

Opplæringslova § 2-2 regulerer kommunen sitt høve til å gje elevar permisjon frå grunnskulen.

Alle barn har plikt til grunnskoleopplæring frå det året dei fyller 6 år til dei har avslutta 10. trinn. Kommunen kan gje ein elev permisjon frå opplæringa dersom eleven samla sett får ei forsvarleg opplæring. Etter forskrift til Opplæringslova skal kommunen vedta ei lokal forskrift om permisjon frå opplæringa.

Målet med forskrifta er at den skal gje reglar for når og i kva for omfang elevar kan få permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa i Fyresdal kommune.

Skulen har som mål å gje elevane eit trygt, inkluderande og lærerikt sosialt og fagleg fellesskap. Ein tydeleg handheving og regulering av permisjon sikrar høg deltaking av kvar einskild elev inn i skulefellesskapet.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld pliktig grunnskuleopplæring etter Opplæringslova § 2-2.

Forskrifta gjeld for elevar ved Gimle skule i Fyresdal kommune.

§ 3. Vilkår for permisjon frå grunnskoleopplæringa

Regelen i opplæringslova § 2-2 set ikkje ei grense for kor lenge og kor ofte ein elev kan få permisjon. Kravet om at opplæringa samla sett må vere forsvarleg, set likevel ei grense for dette.

Foreldre og føresette må sende søknad om permisjon til skulen via Visma føresettportalen, seinast 14 dagar før permisjonen det vert søkt om byrjar. Søknaden må grunngjevast.

Ein kan søkje om permisjon frå skulen i inntil to veker (ti skuledagar). Det er opp til skulen å vurdere om ein elev skal få innvilga permisjon.

Skulen oppmodar heimane til å leggje til rette for at elevane får gjennomført skuledagane i skuleruta utan unødig fråvær.

Det er føresette som har ansvar for opplæringa i den tida eleven har permisjon. Undervisninga som eleven mistar ved fråværet, kan det ikkje krevjast erstatning for seinare. Dette gjeld òg for individuelt tilrettelagd opplæring.

Det blir ikkje gitt permisjon i periodar med førebuing og gjennomføring av:

- Statlege kartleggingsprøver
- Nasjonale prøver
- Eksamenar, munnleg og skriftleg
- Prøver og vurderingssituasjonar jamfør skulens terminplan/prøveplan

Skulen oppmodar heimane til å leggje feriereiser til skuleferiane.

Det er ikkje vanleg å gje permisjon til ferie, treningssamlingar eller liknande, eller når eleven har udokumentert fråvær.

Skulen kan innvilge permisjon for:

- Spesielle arrangement og markeringar (politisk arbeid, organisasjonsarbeid)
- Idrett og kulturell konkurranse/stemne på høgt nivå
- Hospitering på vidaregåande skule

Permisjon elevar har krav på:

Medlemmer av trussamfunn utanfor Den norske kyrkja har rett til permisjon på sitt trussamfunns heilagdagar (for eksempel eid) dersom dei søker om permisjon.

§ 4. Handsaming av søknad om permisjon

Kontaktlærar kan handsame søknad på inntil to dagar permisjon.

Utover to dagar skal søknad om permisjon rettast til rektor.

Søknaden vert handsama av rektor eller delegert mynde.

~~Det vil vere ei heilskapleg individuell vurdering med bakgrunn i pedagogisk skjønn som ligg til grunn ved handsaming av permisjon.~~

Nytt punkt under § 4, avsnitt 2:

Det skal vere ei heilskapleg og skjønns messig vurdering, der ein legg vekt på blant anna elevens faglege utvikling, skulens undervisningsopplegg i permisjonstida, tidlegare fråvær og om føresette kan ivareta opplæringa i permisjonstida.

Permisjon kan ein innvilge heilt eller delvis.

Barnet sitt beste skal ligge til grunn for handsaming av permisjonssøknaden, og eleven sitt synspunkt vil vere eit av momenta som ein skal vurdere i saken. Det å ivareta barnet sin rett og plikt til opplæring er eit grunnleggande utgangspunkt som vil vere til barnet sitt beste etter Opplæringslova § 10-1, med mindre det føreligg særleg vektige grunnar for noko anna.

§5. Klage

Eit vedtak om permisjon er eit einskildvedtak og kan klagast inn. Klagefrist er 3 veker frå vedtaket er motteke. Om klaga ikkje vert imøtekomen kan det klagast vidare inn til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg avgjerd.

§ 6. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft etter endeleg vedtak i Fyresdal kommunestyre februar 2026.